



Institutt for lærarutdanning NTNU

Kva skriv lærebøkene om kjønnsidentitet  
sett opp mot det offentlege sin  
informasjonskanal for ungdom?

FOU-oppgåve MGLU3507 naturfag

Vår 2022, 6.semester

Skrive av: Maria Munch Starheim

Kandidatnummer: 10042

## Samandrag

Denne oppgåva tek for seg temaet kjønn og kjønnsidentitet, og korleis dette blir framstilt i lærebøker på 9.trinn. Eg skal sjå på om det lærebøker skriv om kjønnsidentitet samsvarar med det nettsida ung.no skriv. Med bakgrunn i relevant teori skal drøftinga dreie seg om lærebøkene har den informasjonen ungdomen treng i dagens samfunn rundt dette temaet.

Ung.no er ei nettside som er retta mot ungdomen på ungdomsskulen, som gjer at det er relevant å samanlikne denne nettsida opp mot lærebøkene på 9.trinn. I dagens samfunn ser ein at det er eit større fokus på kjønn, og uttrykket «fødd i feil kropp» er kjend for fleire. Denne forskinga tek difor utgangspunkt i kva lærebøkene, som er skrive til den nye læreplanen, nemner rundt dette temaet. Den kvalitative studien vil bestå av kva ei nettside og to lærebøker skriv om kjønnsidentitet for 9.trinn. Alle dei tre tekstane eg har analysert inneheld omgrepet kjønnsidentitet, men korleis dei har skrive rundt dette er ulikt. Gjennom ein induktiv analysemetode har eg fått god oversikt over innhaldet, og korleis tekstane ordlegg seg rundt temaet.

Det kjem tydeleg fram i denne oppgåva at ung.no, som er ei nettside skrive av erfarne fagfolk, viser eit større spekter rundt kjønn og kjønnsidentitet. Dei har fokus på ungdomen som veks opp i dagens samfunn, og set lys på det som kan vere vanskeleg i denne tida. Lærebøkene må derimot følgje dagens læreplan, og har eit større pensum å dekke. Ved at ein då aktivt som lærar undersøker dette temaet sjølv, kan elevane gå ut med breiare kunnskap og meir sjølvtilitt når det kjem til kjønnsidentitet.

## Innhald

1	Innleiing .....	3
1.1	Bakgrunn og problemstilling .....	3
1.2	Oppgåvas oppbygging.....	3
1.3	Val og avgrensing.....	4
2	Teori.....	5
2.1	Kva er kjønn? .....	5
2.1.1	Biologien.....	5
2.1.2	Tokjønnsmodellen.....	5
2.2	Kjønns mangfald .....	5
2.2.1	Kjønnsidentitet.....	6
2.2.2	Kjønnsinkongruens.....	7
2.3	Kunnskap om språk .....	7
2.3.1	Skeiv.....	7
2.4	Puberteten.....	8
2.4.1	Korleis påverkast sjølvkjensla .....	8
3	Metode .....	9
3.1	Kvalitativ metode.....	9
3.2	Framgangsmåte.....	10
3.3	Etikk og personvern .....	10
4	Analyse.....	11
4.1	Felles for lærebøkene .....	12
4.2	Naturfag 9 .....	12
4.3	Element 9 .....	13
4.4	Ung.no .....	14
5	Drøfting .....	15
5.1	Kvar ligg fokuset til lærebøkene .....	15
5.2	Ei nettside med mykje kunnskap.....	16
5.3	Kva kan lærebøkene hente frå ung.no? .....	17
5.3.1	Er den nye læreplanen problemet? .....	17
6	Avslutning .....	18
7	Litteraturliste.....	19

# 1 Innleiing

## 1.1 Bakgrunn og problemstilling

I dagens samfunn er vi generelt ganske oppteken av kjønn. Dette er blant anna noko vi brukar for å beskrive kven vi er. Ein opplev stadig meir snakk om ulike kjønn, og uttrykket «fødd i feil kropp». Det er ikkje alle som føler seg som det kjønnet dei er fødd i. Elevar på skulen skal bli danna, og ein blir særleg gjennom puberteten kjend med kven ein er og det er meir kjensler i sving. Eg ønsker å finne ut kva elevar lærer om kjønn, og då spesielt kjønnsidentitet. Står det om korleis ein kan føle seg som eit anna kjønn enn det biologiske, eller må elevane finne informasjon om dette sjølv? Eg vil difor trekke inn nettsida ung.no, då dette er ei nettside retta mot alderstrinnet 13-16 år.

Då eg sjølv var i praksis på 9.trinn våren 2021, hadde eg undervisning innanfor temaet puberteten. Det som møtte meg i lærebøkene var lite detaljert informasjon, som gjorde at eg måtte bruke nettsøking i planlegging av undervisninga. Eg fekk også eit inntrykk av at fleire elevar kunne meir frå før, enn det som stod i lærebøkene. Det fekk meg til å tenke på at elevar sjølv oppsøker informasjon dei er nysgjerrige på, og som dei kjenner angår dei. Denne opplevinga har gjort at eg ønsker å bruke samanlikning av lærebok opp mot nettside i problemstillinga mi. Eg har då kome fram til følgande problemstilling:

**Korleis samsvarar det lærebøkene skriv om kjønnsidentitet for 9.trinn med det som står på det offentlege sin informasjonskanal for ungdom (ung.no)?**

Kjønnsidentitet er eit omgrep som vil dukke opp gjennomgåande i denne oppgåva. Eg vel difor å kome med ein definisjon frå bacheloroppgåva til Silje Ferkingstad på kva identitet er: «Identitet innebærer blant annet det å skape og forme seg selv slik en ønsker å være, og slik en ønsker å være for å ha en tilhørighet i ulike sammenhenger» (Ferkingstad, 2018, s.9). Når ein sett dette omgrepet saman med kjønn, handlar det då om kva kjønn vi sjølv forstår oss som. Denne opplevinga av kva kjønn ein er kjem altså ved at ein går inn i seg sjølv. Mange vil nok ikkje ha eit bevisst forhold til sin kjønnsidentitet, fordi dei ikkje finn noko utfordring rundt den.

## 1.2 Oppgåvas oppbygging

Oppgåva mi rettar merksemda mot temaet kjønnsidentitet og kva informasjon elevar på ungdomstrinnet får om dette. Eg vil bruke teori om kjønn og kjønnsidentitet, som eg skal nytte vidare i drøftinga. I tillegg vil eg kome inn på puberteten og seksualitet, og korleis kunnskap og språk frå vaksenpersonar kan påverke. Vidare kjem ein metodedel, der eg vil ta

for meg framgangsmåten eg har brukt i denne oppgåva, og kvifor eg har vald å gjere det på denne måten. Deretter kjem analyse av resultat og påfølgande drøfting rundt dette, som skal ende i ein konklusjon og avslutning.

### 1.3 Val og avgrensing

Kjønnet er eit tema som stadig dukkar opp, blant anna i sosiale media. Det er meir vanleg no å sette fokus på at ikkje alle er fødd i det kjønnet ein føler seg som, og at det er mogleg å bytte kjønn. Ein kan dermed seie at kjønn handlar om meir enn berre kvinne og mann. Det er spennande tematikk å ta opp innanfor pubertetsundervisninga i skulen, og mykje som heng saman med kjønnsidentitet. Eg har likevel måtte avgrense dette, då omfanget blir for stort om ein skal nemne alt. Blant anna bør det kome fram at seksuell legning ikkje har noko med kjønnsidentitet å gjere. Dette er eit anna spennande tema ein kunne snakka om. Likevel kan ein seie at dette heng tett saman, som gjer at det kunne ha vore relevant å trekke inn.

Ung.no er ei nettside med eit stort mangfald av informasjon som angår ungdomen. Eg skal studere det nettsida skriv rundt temaet kjønnsidentitet, og her finn ein ti forskjellige tekstar. Ut ifrå lengda på denne oppgåva har eg difor måtte velje kva tekst eg ønsker å analysere. Eg har valt teksten med overskrifta «Alle har en kjønnsidentitet». Grunnen til dette valet er blant anna fordi dette er den einaste teksten der ordet kjønnsidentitet er i tittelen. I tillegg er dette den første teksten ein møter på nettsida når ein går inn på temaet kjønnsidentitet. Ein kan dermed tenke seg at ungdomen vil velje denne teksten når dei ønsker å finne informasjon om dette.

Eg har valt å ikkje trekke inn elevar eller lærarar i denne forskinga. Ein årsak til dette kjem av personvern, og godkjenning av dette. Oppgåva gir då eit reint teoretisk blick på noko som har med menneske sjølv å gjere. Ein kan for eksempel nemne psykisk helse og sjølvkjensle, som er noko ein ikkje får satt heilt ord på i ein slik dokumentanalyse. Difor vel eg å trekke inn litt teori om dette, slik at ein blir bevisst på at kjønnsidentitet er eit viktig tema å vere open rundt for det enkelte individ. Dersom oppgåva hadde vore større, er elevundersøking noko eg hadde ønska å ta med i problemstillinga mi.

## 2 Teori

### 2.1 Kva er kjønn?

Mange vil nok tenke at å definere omgrepet kjønn ikkje er så vanskeleg. Vi har dei to kjønna hankjønn og hokjønn. Det vi erfara i dagens samfunn er eit mangfald av kjønn, men samfunnets normer er i stor grad med på å påverke kva som er godkjent av dette mangfaldet. Bufdir skriv at kjønn er ein grunnleggande side ved ein persons identitet. Ut ifrå dette kan vi forstå kjønn gjennom tre ulike aspekt: biologisk kjønn, psykologisk kjønn og sosialt kjønn. Vi finn menneske som ikkje fell innanfor dei to kjønna, mann og kvinne. Dei følg ikkje samfunnets forventningar knytt til rollene dei to kjønna har, og ein følg dermed ikkje det biologiske kjønnnet ein er fødd inn i (Bufdir, 2015).

#### 2.1.1 Biologien

Når ein snakkar om biologien innanfor temaet kjønn handlar det om den kroppen du er fødd inn i. Sett frå dette synspunktet er det ganske rett fram korleis ein definerer kjønna. Vi har hankjønn dersom ein produserer sædceller og hokjønn dersom ein produserer eggceller. Austad skriv i tidsskriftet at om denne kjønnsutviklinga blir forstyrra, vil det oppstå abnormalitet, ikkje eit nytt kjønn (Austad, 2018). Ein kjem då inn på skilje mellom biologisk kjønn og kjønnsidentitet. Omgrepet kjønnsidentitet kjem eg tilbake til seinare i teoridelen.

Det kan skje at kjønnskjeneteikna ved fødsel, eller seinare i utviklinga av kjønn, ikkje samsvarar verken med det mannlege eller kvinnelege kjønnnet. Ein brukar då omgrepet intersex, som vil seie at ein ikkje kan beskrive personen som gut eller jente ved fødsel (Benestad & Grasmo, 2022).

#### 2.1.2 Tokjønnsmodellen

Tokjønnsmodellen er ein modell som seier at du er enten mann eller kvinne. Denne modellen kan få fram at dei som ikkje er ein av desse to kjønna er feil eller sjuke (Benestad, 2020). Den tar med andre ord ikkje omsyn til mangfaldet av kjønnsidentitetar ein finn i dagens samfunn. Med bakgrunn i teorien som står skrive ovanfor ser ein at tokjønnsmodellen finn støtte i biologien. Kjønn er biologisk styrt ut ifrå evna til reproduksjon, der ein treng eitt individ som er hankjønn og eitt individ som er hokjønn.

### 2.2 Kjønnsmangfald

Menneske er kjend med tokjønnsmodellen, der det berre er to moglegheiter for kva kjønn du er. Tek vi omgrepet kjønnsmangfald opp mot denne modellen, ser vi store kontrastar. I følgje Bufdir handlar kjønnsmangfald om at det finst fleire måtar å vere kvinne eller mann på, altså

at ein kan ha ein kjønnsidentitet som ikkje følg tokjønnsmodellen (Bufdir, 2015). Det er viktig at ein er opne rundt det med å bryte med kjønnsnormer. Dersom vi aktivt arbeidar mot å gjere dette mangfaldet synleg, vil det kunne vere med på å ufarleggjere temaet. Når vi ikkje snakkar om det, vil barn automatisk oppfatte temaet som uønskt og flaut. Å snakke meir om det, vil då kunne vere med på å førebygge mobbing og diskriminering (Arntzen & Renolen, 2019). Sjølv om alle menneske er med på å danne det kjønns mangfaldet vi har i dag, er det dei som skil seg ut som gjer oss bevisste på at vi har eit mangfald av kjønn. Det er viktig at ein som fagperson og omsorgsperson gjer barn og ungdom bevisst på kjønns mangfaldet, slik at alle tør å vere seg sjølv.

### 2.2.1 Kjønnsidentitet

Ferkingstad skriv i sin bacheloroppgåve at kjønnsidentitet vil innebere det å skape og forme seg sjølv, og dermed kunne kjenne eit tilhøyr i ulike samanhengar. Det handlar om at kjønnsidentitet seier noko om ein person sin indre oppleving av det å vere mann, kvinne, både mann og kvinne eller ingen av desse (Ferkingstad, 2018, s.9). Det finst mange variantar av kjønn, og det handlar om kva identitet det enkelte individ utviklar i sine første leveår, men også seinare i livet.

Arntzen skriv i boka si at fleire ungdomar og vaksne har opplevd utfordringar i deira møte med samfunnet i forhold til eigen kjønnsidentitet. Dette er blitt erfart heilt ned i barnehagealder, som i enkelte tilfelle har resultert i psykiske vanskar seinare i livet. Ein har også dei som ikkje kjenner på utfordringa med kjønnsidentitet før dei kjem i skulealderen, når dei får meir kunnskap om seg sjølv og eigen kropp. Det er mange som trur det berre er dei sjølve som slit med å passe inn i sin eigen kropp. Dette kjem av manglande kunnskap og openheit rundt temaet og spesielle omgrep. Når ein får meir kunnskap vil det kunne vere enklare å sette ord på følelsane ein sitt inne med (Arntzen, 2019).

Trosby nemner i sin masteroppgåve, som handlar om kjønnsidentitetstematikk i skulen, at ein bør sette søkelys på å finne ein tradisjon som skal møte dei unge menneska i samspel mellom biologiske, psykososiale og kulturelle tilnærmingar. Dette skal vere med på å gi den enkelte eit best mogleg utgangspunkt (Trosby, 2016). Frå vi er fødd ser vi allereie ein kjønnskategorisering på fleire måtar, alt frå fargar som blå og rosa, til forventningar om interesser.

### 2.2.2 Kjønnssinkongruens

Hjå ein person som ikkje kjenner på samsvaret mellom kjønnnet ein er fødd i og kjønnssidentiteten, kan ein finne eit ønske om å bli diagnostisert. Ein grunn til dette er at ein vil få rettar til å endre kroppen, slik at det stemmer meir overeins med kjønnssidentiteten sin. I følgje folkehelseinstituttet er kjønnssinkongruens ein tilstand der ein ser store skilnader mellom eit individ sitt opplevde kjønn og det biologiske kjønnnet, som kan føre til eit ønske om å leve som personen av det opplevde kjønnnet. Tidlegare har ein brukt omgrep som kjønnssidentitetsforstyrring og transseksualisme, men dei er no utdatert (FHI, 2021).

### 2.3 Kunnskap om språk

For å kunne klare å sette ord på kjensler og opplevingar ein har, er det nødvendig med eit språk der ein klarer å kommunisere det slik at ein blir forstått. Dersom ein sjølv eller dei ein omgir seg med ikkje har kjennskap til språk og/eller omgrep rundt temaet, kan det by på problem. For å forklare og bli forstått er det nødvendig at ein klarer å bruke ord som det enkelte individ kan identifisere seg med. I følgje forskingsprosjektet Alskens folk, er det eit tema som samfunnet ikkje har teke godt nok fram enda. Barn omgir seg med vaksne menneske som ikkje har kunnskap, og dermed klarer dei ikkje å hjelpe barna med å sette ord på kjenslene sine. Når ein ikkje får hjelp av vaksne nær seg, begynn mange barn å søke på nettsider for å finne svar. Det skumle med internett er at dersom du bruker ord du ikkje er sikker på kva betyr, kan feil informasjon dukke opp (Van der Ros, 2013).

Så lenge ein ikkje treff på fagfolk som kan bruke det rette språket, kan feil informasjon på internett gjere vondt verre. «Men etter hvert fikk jeg somla meg inn på LLH sine sider, og så definisjonen av transperson der, som jeg syntes var midt i blinken. Der følte jeg at det var rom for meg og» (Van der Ros, 2013, s.84). Dette sitatet frå ei som verken kjende seg som kvinne eller mann, viser at når ein klarer å sette ord på korleis ein opplev eigen kjønnssidentitet, vil alt kjennast litt lettare. Med andre ord er det viktig at blant anna lærarar har kunnskap om temaet kjønnssidentitet og kva det vil seie å vere kjønnssinkongruens. Barn og ungdom som ikkje møter vaksenpersonar som kan noko om denne tematikken, vil i større grad unngå å søke hjelp og informasjon (Van der Ros, 2013). Røthing hevder at om undervisninga i skulen berre rettar merksemda mot kjønnsskilnader, slik at ein ser eit skilje mellom jenter og gutar, bidreg det til at ein vender blikket bort frå variasjon, individualitet og kompleksitet (Røthing, 2011).

#### 2.3.1 Skeiv

Seksuell orientering og kjønnssidentitet er to forskjellige ting, som det er viktig å gjere ungdommen bevisst på. Arntzen skriv at det kjønnnet du kjenner deg som, er noko anna enn kva



menneske du blir tiltrekt av og ønsker ein kjærleiksrelasjon til (Arntzen, 2019, s.25). I boka brukar ho blant anna omgrepet skeiv, når det blir presentert ulike seksuelle legningar ein kan ha. Skeiv er eit ord ein ofte brukar synonymt med omgrepa lesbisk, homofil, bifil og transpersonar. Omgrepet er med på å kritisere det heteronormative samfunnet vi lev i, og når ein blir omtalt som skeiv kan det opplevast som at ein ikkje passar inn i samfunnets tokjønnsmodell (Bufdir, 2015). Det er fleire omgrep enn skeiv, som kan bli tolka negativt. Røthing omtalar seksuell trakassering som uønskt merksemd knytt til kjønn, kropp eller seksualitet. Ein kan då trekke inn dette med ordbruk, og spesielt skjellsord som blir brukt mot barn og unge som uttrykk kjønn og seksualitet på måtar som ikkje blir sett på som det «normale» (Røthing & Svendsen, 2009).

## 2.4 Puberteten

I puberteten forandrar ein seg mykje, og det er kropp og sjølvbilete som ofte kjem i fokus. Forsking viser at heteronormative forventingar blir forsterka i puberteten, noko som fører til eit sterkare press til å tilpasse seg det som prega ditt tildelte kjønn (Van der Ros, 2013, s.77). Kroppen forandrar seg, slik at det som kjenneteiknar ditt kjønn blir tydelegare. Dette er for eksempel at gutar opplev meir hårvekst på kroppen, og jentene sine bryst veks. Å skulle leve på ein måte som strider i mot kroppen sin utvikling kan dermed vere ein stor påkjenning for det enkelte individ.

I seinare år har det vore forskning på tenåringshjernen. Det viser at hjernen er i ein stor utvikling frå 12-13-års alderen og inn i 20-åra. Ein kan dermed konkludere med at det i tenåra kan vere moglegheit for påfyll og reperasjon av sjølvkjensla. Øiestad skriv at vi har ein overproduksjon av hjerneceller i åra fram mot puberteten, som gjer at hjernen er klar for å gjere forandringar og bygge nytt nettverk. Dette gir tenåringar eit hav av moglegheiter. Det kan vere viktig å ha dette i bakhovudet, slik at ein på best mogleg måte kan støtte ungdommen sin utvikling i denne alderen (Øiestad, 2011, s.176).

### 2.4.1 Korleis påverkast sjølvkjensla

Ifølge Øiestad handlar sjølvkjensle om å få tak i sine egne kjensler, å kjenne sine egne reaksjonar og i tillegg klare å handle ut ifrå dei (Øiestad, 2011, s.23). Dersom ein har god sjølvkjensle vil det vere enklare å kjenne seg verdig når ein er saman med andre, og ein tørr å vise både gode og dårlege kjensler. Elevar som klarer å akseptere seg sjølv og likar den dei er, har ein identitet som samsvarar med korleis dei lev. Øwre skriv i sin bacheloroppgåve at det kan vere belastande å skulle tilpasse seg dei normene som finst i samfunnet, som for eksempel tokjønnsmodellen (Øwre, 2019, s.11). Dei som har ein kjønnsidentitet som ikkje samsvarar

med det kjønn dei er fødd i, vil dermed kunne føle seg meir sårbare i puberteten sidan det blir tydelegare skilnader mellom gutar og jenter. Å skulle spele ei rolle med bakgrunn i kva andre forventar, vil seie at du ikkje sjølv får velje kven du skal vere som menneske. Dette vil kunne vere eit utgangspunkt for utvikling av psykiske problem (Van der Ros, 2013, s.77).

## 2.5 Læreplanen

Kunnskapsløftet 2020 består av overordna del, fag- og timefordelinga og læreplan i alle fag. Dette er med på å styre innhaldet ein skal legge fokus på i opplæringa. Kompetansemålet vi finn etter 10.trinn som går under pubertetsundervisinga er «drøfte spørsmål knyttet til seksuell og reproduktiv helse» (Utdanningsdirektoratet, 2020). Dette er eit stort kompetansemål, som gjer at læraren sjølv må velje kvar ein legg fokuset. Her kjem viktigheita av lærebøkene inn, og kva lærebok kvar enkelt skule vel å bruke.

I tillegg til kompetansemål, spelar kjerneelementa ein stor rolle i dagens undervisning. Kjerneelementet «kropp og helse» er sentralt innafor temaet kjønnsidentitet. Det går blant anna ut på at elevane skal forstå korleis kroppen utviklar seg, og kva dette betyr for fysisk og psykisk helse (Utdanningsdirektoratet, 2020).

## 3 Metode

I dette kapitlet vil eg gjere greie for korleis studie blei gjennomført og planlagt slik at føremålet med oppgåva blei nådd. Føremålet med denne oppgåva har vore å sjå nærare på kva lærebøkene skriv om kjønnsidentitet, sett opp mot kva nettsida ung.no gir av informasjon rundt dette temaet. For å gjere det på ein god måte har eg vald dokumentanalyse. Bøkene eg skal analysere er Element 9 og Naturfag 9. Desse bøkene er skriva til den reviderte læreplanen, kunnskapsløftet, som bekreftar at det er bøker som elevane møter i sin skulekvardag. I tillegg til læreverka skal eg analysere nettsida ung.no. Dette gir eit innblikk i kva ungdomen eigentleg kan få vite om temaet kjønn og kjønnsidentitet, opp mot kva dei faktisk lærer på skulen.

### 3.1 Kvalitativ metode

I gjennomføringa av dette studie er det nytta kvalitativ metode. Denne metoden tek for seg fleire strategiar for systematisk innsamling, organisering og tolking av tekstleg materiale frå samtale, observasjon eller skriftleg kjeldemateriale (Malterud, 2013). Eg skal tolke skriftleg materiale opp mot relevant teori og finn rundt temaet, for å kunne sette lys på problemstillinga mi. Den kvalitative metoden dreiar seg i stor grad om forskingsprinsipp som er aktuelle for

beskriving, analyse og forståing av alle slags fenomen (Malterud, 2013). Denne metoden vil dermed gjere det mogleg å forske på tema som det allereie finst kunnskap om, men der ein kan sette saman problemstillinga på ein meir samansett og kompleks måte.

Sidan eg skal gå djupare inn i kva lærebøker og ei nettside skriv om eit tema, er det dokumentanalyse som vil prege denne oppgåva. Dokumentanalysen tek utgangspunkt i noko som er skriva frå fortida, og som då blir analysert ut frå den ståstaden eg har som forskar (Christoffersen & Johannessen, 2012). Med grunnlag i at eg skal analysere fagleg dokument vil dette vere ein objektiv beskriving av hovudtrekka i tekstane eg ser på. Eg ønsker med det å sette lys på eit dagsaktuelt tema, som kan gi grunnlag for vidare forskning.

### 3.2 Framgangsmåte

I problemstillinga mi legg eg vekt på omgrepet kjønnsidentitet. Når eg skal analysere innhaldet i bøkene og på nettsida, vil eg trekke inn tre andre omgrep og notere kor mange gongar dei blir nemnd. Grunnen til at desse omgrepa er valt er fordi dei er sentrale under det overordna temaet kjønn, og dei blir skriva i samanheng med temaet kjønnsidentitet. Nokon av tekstane eg har sett på brukar desse omgrepa aktivt, og dei er difor relevante å trekke inn. Omgrepa eg har valt er kjønnsinkongruens, interkjønn/intersex og skeiv. Då det er omgrep eg har sett i tekstane, vil det vere ein induktiv analysemetode. I analysedelen vil eg presentere kor mange gongar dei dukkar opp i tekstane i ein tabell. Dette blir då ein kvantitativ metode, sidan det omfattar tal og er målbart. Ved at eg blandar kvalitativ og kvantitativ metode vil det kunne hjelpe meg med å sjå om resultata mine er fornuftige sett frå fleire sider.

I tillegg til dei tre omgrepa som blir presentert i tabellen, kjem eg til å sjå på korleis andre omgrep om temaet blir brukt. Materialet eg hentar ut her vil eg analysere med ein induktiv metode, då eg lagar kategoriane ut ifrå funna eg gjer. Eg tenker å hente ut fleire omgrep eg finn relevant til temaet kjønnsidentitet. Dette er for å sette lys på kva lærebøkene og nettsida har som fokusområde. I undersøkinga av nettsida vil eg i tillegg legge fokus på kven som er forfattar av det som blir skriva.

### 3.3 Etikk og personvern

I ein forskingsoppgåve som denne er det viktig å ha etikk og personvern i tankane. Det er viktig at personleg informasjon av det enkelte individ ikkje blir delt, slik at denne personen ikkje blir utsett for ubehagelege opplevingar. I min oppgåve har eg ikkje brukt personar som forskingsgrunnlag. Eg har dermed ikkje trengt å tenke på personvern i noko stor grad. Ein må likevel vere merksam og behandle det materialet ein tek i bruk på ein respektfull måte.

Etikk må ein også vere bevisst på når ein driv med forskning. Nettsida Forskningsetikk.no skriv om generelle forskingsetiske retningslinjer, der blant anna prinsippa respekt, gode konsekvensar, rettferd og integritet er i fokus (De nasjonale forskingsetiske komiteene, 2019). Innafor alle desse prinsippa ligg det at forskinga skal vere påliteleg og godt gjennomtenkt. Eg har i denne oppgåva heile vegen vist til kor eg har henta min informasjon, og behandla materialet med respekt.

## 4 Analyse

Nedanfor presenterer eg kor mange gongar dei tre orda eg har valt å sjå på blir nemnt i dei to lærebøkene og på nettsida. I tillegg har eg brukt lærebøkene og nettsida aktivt for å hente ut meir materiale om temaet kjønnsidentitet. Dette har eg valt å kategorisere etter språkleg framstilling, tekstens faglege innhald og ordbruk. Her vil hovudfokuset ligge på tekstens faglege innhald og ordbruk, då det vil vere mest relevant for problemstillinga. I kategorien ordbruk vil eg i tillegg lage tre underkategoriar, der eg plassera ord eg ser passar innanfor akkurat dette området. Underkategoriane eg har valt er «seksualitet», «ungdomstid» og «identitet». Eg har valt å ta i bruk induktiv metode for å få samanlikna lærebøkene opp mot nettsida ut ifrå korleis eg finn det relevant å kategorisere, samtidig som eg vil sjå kva lærebøkene faktisk skriv om det overordna temaet kjønn. Det vil kunne hjelpe meg med å samanlikne lærebøkene sitt fokus på kjønnsidentitet sett opp mot nettsida.

Nettsida ung.no er sett saman av fleire tekstar som omhandlar temaet kjønn og kjønnsidentitet. I analysen har eg difor valt å ta utgangspunkt i éin av desse. Lærebøkene består også av store kapittel om temaet pubertet og seksualitet. Eg vel difor å avgrense til det som står skrive om kjønn, forelsking og kjensler.

Tabell 1.

Tal på kor mange gongar omgrepa er nemnt i tekstane.

	<b>Kjønnsinkongruens</b>	<b>Interkjønn/intersex</b>	<b>Skeiv</b>
<b>Element 9</b>	2	1	0
<b>Naturfag 9</b>	0	1	2
<b>Ung.no – Alle har en kjønnsidentitet</b>	2	0	1

Eg vil no presentere funna mine frå dei to lærebøkene og nettsida ung.no. Her vil eg først presentere innsamla data som er felles for dei to lærebøkene. Vidare vil eg få fram det som kjenneteiknar kvar enkelt bok, og deretter nettsida. Det som er felles vil ikkje bli poengtert på nytt. Samanlikninga av bøkene sett opp mot nettsida vil først kome i drøftingsdelen.

#### 4.1 Felles for lærebøkene

Språkleg framstilling: Begge lærebøkene brukar ein forklarande måte å skrive på, der hensikta er å formidle kunnskap om eit emne. Tekstane er bygd opp av ei hovudoverskrift som beskriv det overordna temaet. Vidare er det delt inn i fleire underoverskrifter som fortel meir konkret akkurat det vi kjem til å lese om.

Tekstens faglege innhald: Det kjem tydeleg fram i begge tekstane at ungdomstida kan vere utfordrande og vanskeleg. Fokuset ligg på forelsking og utforsking av kven ein er, både når det kjem til seksualitet og identitet. Lærebøkene nemner omgrepet kjønnsidentitet, og får fram at det ikkje er alle som er fødd med ein trygg kjensle på kven ein er. Likevel får ein eit inntrykk av at det å vere usikker på seg sjølv i ungdomstida er normalt. I den samanhengen får tekstane fram at det å søke hjelp er noko som kan vere nødvendig.

Ordbruk: Innanfor kategorien «seksualitet» kan ein finne underoverskrifta «seksuell orientering», som er brukt i tekstane. Her nyttar dei omgrepa homofil, heterofil og bifil. Dei brukar ordet akseptere i samanhengen at det er lov å vere tiltrekt av same kjønn. Under kategorien «ungdomstid» er ord som forelsking, kjensler og lykke brukt i begge tekstane. Når det blir skriva om kjensler kjem dette ofte i samheng med forelsking. Der har ein både dei gode og vonde kjenslene. I kategorien «identitet» er omgrepet kjønnsidentitet eit ord som går igjen. Her brukar bøkene orda å føle seg som, når det kjem til om ein er jente eller gut. Interkjønn/intersex blir også nemnt. Omgrep som kan vere ukjende er forklart fint i teksten, i tillegg har bøkene ein ordliste på slutten av kapittelet.

#### 4.2 Naturfag 9

Naturfag 9 er skriva av Erik Steiniger og Andreas Wahl. Den blei gitt ut i 2020, og følg dermed den nye læreplanen (Steiniger & Wahl, 2020). Kapittelet eg har analysert i denne boka har tittelen «Sex – og det som kommer etterpå».

Tekstens faglege innhald: Ut ifrå tittelen til kapittelet får ein inntrykket av at identitet og kjønn ikkje er hovudfokuset. Allereie på den første sida er sex og seksualitet noko som blir mykje omtalt. Det kjem likevel tidleg fram at seksualitet handlar om mykje meir enn sex. I eit lite avsnitt skriv boka om kjønn. Teksten får fram at nokon kan føle seg som eit anna kjønn

enn det dei har biologisk, men at dette ikkje er veldig vanleg. Utanom dette avsnittet går læreboka stort sett inn på tema som flørting, forelsking og seksuell orientering.

Ordbruk: Under kategorien «seksualitet» kan ein sjå at teksten har brukt ord som onani, runking, fingring og klitring. Ein kan ut ifrå dette sjå at fokuset i denne boka ligg på samleie og det som omhandlar intim nyting. I denne samanhengen er teksten god til å framheve ord som grensesetting, ansvar og tryggleik. Seksuell identitet og legning blir nemnt som omgrep ein kan bruke når det er snakk om sin seksuelle orientering. Ord som rus og flørting blir brukt under kategorien «ungdomstid». Desse orda er da sett saman med forelsking, og spesielt å føle ein rus av lykke. Sjølve omgrepet identitet er ikkje mykje skrive om i denne læreboka. Det er likevel eit fokus på det gjennom ordbruk som skeiv, transperson og kjønnsidentitet. Gjennom desse omgrepa legg teksten vekt på at det ikkje er noko definisjon på kva som er normalt.

#### 4.3 Element 9

Forfattarane bak læreboka Element 9 er Marthe Arntzen, Kjersti S. Bækkedal, Knut Olav Fossetøl og Karoline Fægri. Boka blei gitt ut i 2021 og den følg læreplanen som blei iverksett hausten 2020. Ein kan dermed forvente at den føl dei nye læringsmåla for naturfag (Arntzen, Bækkedal, Fossetøl & Fægri, 2021).

Tekstens faglege innhald: Tittelen til kapittelet i denne læreboka er «Seksualitet – identitet, kropp og følelser». Allereie her får vi inntrykk av at identitet og kjønn vil vere eit stort fokusområde. I tabellen ovanfor kan vi sjå at omgrepet kjønnsinkongruens er omtalt i denne boka. Teksten er tydeleg i forklaringa på skilnaden mellom seksuell orientering og kva kjønn ein kjenner seg som. Likevel er det ikkje mykje utfyllande ein kan lese om kjønnsidentitet, då ein berre kan finne dette temaet på to av sidene i kapittelet. Læreboka legg vekt på at ungdomstida består av gode og vonde kjensler, og at dette er ein normal del i denne livsperioden. Elles kan ein sjå at korleis kjønnsorgan er bygd opp, saman med sex og grensesetting, utgjer ein stor del av kapittelet her.

Ordbruk: Når vi ser på kategorien «seksualitet» brukar læreboka ord som fint og vanskeleg. Det kjem fram at seksualitet handlar om meir enn sex, og gjennom ordbruk som å utforske og seksuelle erfaringar bekreftar teksten dette. Under kategorien «ungdomstid» nemnar dei omgrepet puberteten. Gjennom dette omgrepet kjem det fram ord som kjønnsorgan, kroppshår og forventningspress. Dette skildrar kroppen i endring, som elevar opplev i ungdomstida. Omgrepet identitet blir allereie nemnt i tittelen til kapittelet. Andre ord som er brukt for å

skildre identitet er biologisk, kjønnseller, sosialt kjønn og kjønnsinkongruens. I tillegg har dei brukt uttrykket «født i feil kropp». Ein får eit breitt syn på omgrepet identitet gjennom ordbruken til denne teksten. Boka gir oss i tillegg moglegheita til å forstå at det ikkje er noko feil med kroppen uansett kva identitet vi har.

#### 4.4 Ung.no

Ung.no er det offentlege sin informasjonskanal for ungdom. Nettstaden er driven av barne-, ungdoms- og familiedirektoratet, Bufdir. Her skal fagpersonane svare på spørsmål som blir sendt inn av ungdomen, ut ifrå sin kunnskap og gjeldande retningslinjer. Tema dei legg vekt på er blant anna kropp, seksualitet og psykisk helse (Ung.no, 2021).

Språkleg framstilling: Nettsida er bygd opp slik at det er enkelt å få informasjon om kven som svarar ungdom, og kor denne informasjonen kjem frå. Det er blant anna fagfolk som helsesjukepleiar, spesialsjukepleiar, psykologar, sexologar og fleire andre (Bufdir, 2021). Det er viktig for ung.no at ungdomen skal kunne finne informasjon dei treng, og at det er godt informert om tema som angår dei. Nettsida er skriva på ein forklarande måte, der blant anna spørsmål om livet generelt og kroppen blir svart på.

Tekstens faglege innhald: Når ein kjem inn på nettsida ung.no er det 6 overordna tema ein kan velje å gå inn på. Det overordna temaet som passar til denne oppgåva er «Følelser, identitet og forelskelse». Her finn ein blant anna tekstar om temaet kjønnsidentitet. Eg har sett på teksten med tittel «alle har en kjønnsidentitet». Dei skriv då om kva kjønn er, korleis ein kan bli tryggare på identitet og kropp, om kjønnsnormer og kven ein forelskar seg i. Dei ulike orda og uttrykka dei nyttar seg av blir godt forklart, og dei går inn på korleis ein kan få behandling ved kjønnsinkongruens. Teksten legg også eit fokus på kven du kan snakke med om seksualitet, kjønn og identitet, samt gir deg tilgang til å sende spørsmål. På den måten får ungdomen moglegheita til å anonymt kunne få hjelp frå fagfolk om akkurat det dei måtte lure på.

Ordbruk: Innanfor kategorien «seksualitet» finn ein ikkje så mange ord, men det teksten legg vekt på her er omgrepa homofil, heterofil og bifil. Går ein inn på kategorien «ungdomstid» er ord som forventning, råd og vegleiing, og samfunnet i fokus. Dette blir då sett i samanheng med kva verda rundt oss forventar når ein er i ungdomsåra, og at ein trygg vaksenperson kan vere godt å ha. Teksten brukar omgrepet kjønnsidentitet gjentatte gongar. For å skildre dette omgrepet meir, er ord som kjønnsinkongruens, juridisk kjønn, kroppsleg kjønn, ciskjønna, kjønnsflytande og skeiv teke i bruk. Etter at desse omgrepa er brukt og forklart, kjem nettsida

inn på temaet kjønnsbekreftande behandling. Hormonell og kirurgisk behandling blir nemnt, i tillegg til omgrepet kjønnsnormer. Teksten brukar mange omgrep som kan vere ukjende, men forklarar desse godt i ein fin samanheng.

## 5 Drøfting

### 5.1 Kvar ligg fokuset til lærebøkene

Ut ifrå analysen av lærebøkene kan ein sjå at kapitla om seksualitet og pubertet er store kapittel. Når det gjeld teori rundt temaet kjønnsidentitet er det derimot lite å finne. Læreboka Element 9 trekk inn at det er normalt å vere usikker på kjønn og identitet, noko ein kjenne ekstra på når kroppen er i forandring. Bufdir skriv at kjønn er ein grunnleggande side ved ein persons identitet (Bufdir, 2015). Med bakgrunn i dette vil det då vere relevant for lærebøkene å skrive om desse omgrepa i samanheng med kvarandre. Ein kan då trekke inn det sentrale Ferkingstad skriv om kjønnsidentitet, at det er ein indre oppleving av det å kjenne eit tilhøyr ein stad (Ferkingstad, 2018). Ved at lærebøkene aktivt brukar omgrepet kjønnsidentitet og skriv meir om det, kan elevane få ein større moglegheit til å kjenne på dette tilhøyret.

Benestad og Grasmo brukar omgrepet intersex for å forklare korleis det er når utviklinga av kjønn ikkje samsvarar med verken det mannlege eller kvinnelege kjønn (Benestad & Grasmo, 2022). I denne læreboka blir også dette omgrepet nemnt som interkjønn. Her blir det forklart at det ikkje er alle ein eintydig kan bestemme om er fødd mann eller kvinne. Vidare kan ein seie at det står lite om kjønnsmangfald, og hovudfokuset ligg dermed på tokjønnsmodellen.

Tokjønnsmodellen tek ikkje omsyn til det store kjønnsmangfaldet ein finn i dagens samfunn. Benestad meiner at konsekvensen av dette er at dei som ikkje kjenner seg som mann eller kvinne blir oppfatta som sjuke eller at det er noko feil med dei (Benestad, 2020). Læreboka element 9 er med på å styrke den heteronormative tokjønnsmodellen. Her omtalar dei kjønnsorgana som «mannens kjønnsorgan» og «kvinnens kjønnsorgan» (Arntzen m.fl., 2021). Allereie her blir ungdomen definert som enten mann eller kvinne. Trosby skriv at ein må møte barn og unge med eit samspel mellom biologiske, psykososiale og kulturelle tilnærmingar (Trosby, 2016). Når ein då ser på kva Element 9 skriv om det mannlege og kvinnelege kjønnsorganet, vil det vere med utgangspunkt i den biologiske tilnærminga av kjønn. På ein anna side er det naturleg at det blir skrive på ein slik måte, då det blant anna står i kompetansemålet at dei skal lære om reproduktiv helse. Likevel er det som Bufdir skriv fleire måtar å vere kvinne og mann på, noko som er viktig at lærebøkene poengtera (Bufdir, 2015).



Naturfag 9 rettar meir fokus mot forelsking og seksuell orientering, enn mot kva identitet og kjønn dreier seg om. Omgrep som blir brukt her for å sette eit ord på det å kjenne seg som eit anna kjønn er trans, intersex eller ikkje-kjønn (Steineger & Wahl, 2020). Desse omgrepa kjem utan noko djupare forklaring. Van der Ros skriv blant anna i sitt forskingsprosjekt at barn omgir seg med vaksne som ikkje har nok kunnskap og dermed ikkje klarer å sette ord på kjenslene sine (Van der Ros, 2013). Når lærebøkene ikkje følg opp alle omgrepa er det vanskeleg å bli kjend med kjønns mangfaldet ein finn i dagens samfunn, og fleire vil oppfatte temaet som uønskt og flaut (Arntzen & Renolen, 2019). I tillegg er det kort veg for elevane å søke opp ting på internett. Om dei då ikkje har rette ord å bruke, vil dei kunne bli utsett for feilinformasjon. Altså vil det kunne føre til meir usikkerheit og redsel rundt temaet, dersom ungdomen ikkje klarer å sette dei riktige orda på kjenslene sine.

## 5.2 Ei nettside med mykje kunnskap

Nettsida ung.no er laga for å hjelpe ungdomen med det som ofte er nytt og vanskeleg i denne alderen. Ein kan dermed ikkje legge skjul på at ein finn mykje meir informasjon om kjønnsidentitet og denne tematikken på nettsida, enn det vi kan finne i lærebøkene. I tillegg opnar dei opp for å stille spørsmål, utan at nokon får vite kven du er. For det første kan det at ungdomar ønsker å stille spørsmål rundt dette temaet på ei nettside, vere eit teikn på at dei kjenner på at vaksne ein har nær seg ikkje viser openheit og kunnskap om det. For det andre er det ein fin moglegheit for ungdom å få svar på akutte problem som måtte dukke opp, og dermed trygge sjølvkjensla si. Øiestad skriv i boka si at dersom ein har god sjølvkjensle vil det vere enklare å vise både gode og vanskelege kjensler (Øiestad, 2011). Ein kan som vaksenperson ut ifrå dette gjere seg bevisst på om barnet får utfalde sin kjønnsidentitet uavhengig av det biologiske kjønn ein er fødd i. Då treng ein kunnskap om språk for å kunne forstå og bli forstått, slik at det enkelte individ kan få moglegheita til å identifisere seg (Van der Ros, 2013).

I skulen sin læreplan finn ein store kompetansemål som læraren skal ta utgangspunkt i. Ein står dermed ganske fritt til å velje kva fokus ein vil ha i sin undervisning. Likevel vil lærebøkene gi ei retning lærarane kan gå. Ut ifrå kva lærebok den enkelte skulen vel å ha, vil ein difor kunne oppnå ulik kunnskap hos elevane. Med tanke på informasjon ein kan finne på ung.no gjennom fagfolk som jobbar for denne nettsida, kan ein som lærar vinkle undervisninga med bakgrunn i det som interesserer ungdomen. Ung.no kjem blant anna med fleire definisjonar på omgrep som blir brukt rundt denne tematikken. Dei omtalar kjønnsidentitet som ein grunnleggande kjensle av eige kjønn. Her får dei fram at dette ikkje

treng å henge saman med ein person sin seksualitet eller seksuelle identitet. I tillegg kjem nettsida med tilsvarande omgrep som kan brukast om den same definisjonen (Ung.no, 2021). Dette er med på å skape eit mangfald av omgrep, som kan gjere det lettare for unge å sette ord på sine kjensler om eigen kropp og identitet. Forskingsprosjektet Alskens folk legg fram at temaet kjønnsidentitet ikkje er nok snakka om i dagens samfunn (Van der Ros, 2013). Ung.no er derimot eit bevis på at dette er i ferd med å snu.

### 5.3 Kva kan lærebøkene hente frå ung.no?

Når det gjeld språk, er det mykje inspirasjon lærebøkene kan hente frå nettsida ung.no. Det å ha kunnskap om språk, og å vite betydninga til dei ulike omgrepa innafor kjønn og seksualitet er viktig for å blant anna redusere den seksuelle trakasseringa (Røthing, 2009). Ung.no har eit fokus på det med mobbing, og skriv blant anna om homofobi og diskriminering av skeive. Her får dei tydeleg fram korleis dette kan påverke det enkelte individ, samtidig som dei gir tips til kor ein kan få hjelp. Det er leiinga på skulen som har ansvar for at mobbing ikkje skal skje. Dersom elevane får kunnskap rundt tema som kjønnsidentitet og det å vere fødd i feil kropp, kan ein unngå at omgrep som «skeiv» og «homo» blir brukt gjennom seksuell trakassering. Når ein blir omtalt som skeiv kan det opplevast som at ein ikkje passar inn i samfunnets tokjønnsmodell (Bufdir, 2015).

Puberteten og det at kroppen er i forandring er derimot eit omtalt tema i begge lærebøker og på nettsida ung.no. Van der Ros skriv at heteronormative forventingar blir forsterka i puberteten (Van der Ros, 2013, s.77). Kroppane utviklar seg og ein blir meir definert ut ifrå det som kjenneteiknar kjønn du er fødd inn i. Både ung.no og lærebøkene fokuserer på kva som skjer med gutar og jenter kvar for seg. Samtidig er det fokus på at ein blir bevisst på kven ein er, kven ein tiltrekkast av og kven som tiltrekkast av deg. Læreboka element 9, saman med nettsida ung.no, legg vekt på at ein må vere tolmodig med seg sjølv i denne perioden av livet. På den andre sida nemner læreboka i større grad at hjernen er i forandring, noko som gjer at ein kan bygge nye nettverk og bygge opp sjølvkjensla. Dette meiner Øiestad det er viktig å ha kunnskap om, då det kan bidra til at ein legg til rette for utforsking og å støtte opp under ungdommen sin utvikling (Øiestad, 2011).

#### 5.3.1 Er den nye læreplanen problemet?

Slik kjønnsidentitet er presentert i desse lærebøkene vil elevane gå ut av grunnskulen med ein snever forståing av kva kjønnsidentitet inneberer, sett i lys av kva nettsida ung.no skriv rundt temaet. Den nye læreplanen består av store kompetanssmål, som lærarar må tolke på eigenhand. Dei vil dermed ha stor nytte av det lærebøkene skriv i planlegging av innhaldet i

undervisninga. I motsetning til bøkene har nettsida ung.no valt ungdomen som utgangspunkt når dei skriv om dagsaktuelle tema. Dei har ikkje ein læreplan dei må styre innhaldet sitt ut ifrå, og dei kan på den måten ta omsyn til fleire. På den andre sida vil det ikkje vere oppnåeleg for ei lærebok å fokusere like mykje på eitt tema, slik det er for nettsida ung.no.

Det å skrive mykje og tydeleg om kva som kjenneteiknar kvinnekroppen og herrekroppen kan gjere fleire usikre og flau. Dette fordi det kan vere at enkelte verken kjenner seg som kvinne eller mann. Å få høyre korleis den enkelte kroppen skal sjå ut og oppføre seg, kan dermed verke stort og vanskeleg. På den andre sida er det viktig at det enkelte individ kjenner til sin kropp og korleis blant anna kjønnsorganet ditt er bygd opp. Lærebøkene kan derimot tenke over korleis dei ordlegg seg, for å ta vare på det kjønns mangfaldet vi har i samfunnet. Med tanke på at elevar skal kunne bli kjend med at det går ann å leve som det kjønnnet du kjenner deg som, er kjønnsinkongruens eit sentralt omgrep. FHI omtalar kjønnsinkongruens som ønske om å leve som person av det opplevde kjønn (FHI, 2021). Altså vil det kunne gi ein tryggleik for elevar å ha høyrd definisjonen på slike omgrep, slik at dei blir kjend med korleis dei kan velje å uttrykke sin kjønnsidentitet.

Røthing hevdar at ut ifrå korleis lærebøkene ordlegg seg, kan skulen vere med på å gjere kjønnskilnader tydelegare (Røthing, 2011). Med andre ord vil det kunne bidra til at ein kategoriserer mindre i «jente» og «gut» når ein skriv om kjønnsidentitet, dersom lærebøkene hentar inspirasjon frå blant anna nettsida ung.no.

## 6 Avslutning

Eg vil i denne delen av oppgåva kome med ein oppsummering av funna mine, og forsøke å gi eit svar på problemstillinga mi; **Korleis samsvarar det lærebøkene skriv om kjønnsidentitet for 9.trinn med det som står på det offentlege sin informasjonskanal for ungdom (ung.no)?**

Dagens samfunn er blitt meir prega av uttrykket «fødd i feil kropp», noko som ein både kan sjå gjennom tv-seriar og anna lesestoff på nettet. Det første eg har blitt merksemd på gjennom arbeidet med denne oppgåva er den store breidda av informasjon ein kan finne på nettsida ung.no. Lærebøkene skriv også om temaet kjønnsidentitet, men dei må ta omsyn til læreplanen. Det blir dermed mykje fokus på andre tema innafor puberteten.

Det at lærebøkene følg læreplanen gjer at dei har eit bredt område av kunnskap å dekke. Kapitela om puberteten er store, og legg fokus på mykje som omhandlar menneskekroppen og

kjensler. Kjønnssidentitet er noko som forsvinn litt i begge bøkene. Når i tillegg læreplanen lagar store kompetansemål, kan ein ikkje seie at det er eit krav at lærebøkene skal skrive meir om dette. Samfunnet er i stadig endring, og det som opptek oss variera. Nettsida ung.no har i motsetning til lærebøkene større moglegheit til å tilpasse seg det som opptek dagens ungdom.

Eg vil då konkludere med at det lærebøkene skriv om kjønnssidentitet samsvarar med det nettsida ung.no skriv. Det ein legg merke til er at informasjonen og beskrivinga av fagomgrep ikkje er like utfyllande i bøkene, slik det er på ung.no. Nettsida er driven av fagfolk, som har blitt oppretta med omsyn til ungdommen sine behov og dagens samfunn. Lærebøkene som er skriva for 9.trinn kan dermed nytte godt av å hente inspirasjon frå denne nettsida.

## 7 Litteraturliste

Austad, M.T., (2018, 11.desember). Biologisk kjønn består ikke av et bredt spekter. Henta frå

<https://tidsskriftet.no/2018/11/kommentar/biologisk-kjonn-bestar-ikke-av-et-bredt->

Arntzen, M., Bækkedal, K.S., Fossetøl, K.O. & Fægri K. (2021). Element 9. Gyldendal

Arntzen, M. & Renolen, M., (2019). Prinsesse Ivar – om barn og kjønnssidentitet. GAN

Aschehoug. Oslo.

Benestad, E. E. P. (2020, 9.mars). Tokjønnsmodellen. Henta frå

<https://sml.snl.no/tokjonnsmodellen>

Benestad, E. E. P. & Grasmø, H. (2022, 11.januar). Intersex. Henta frå

<https://sml.snl.no/intersex>

Bufdir. (2021, 17.november). Hvem svarer på spørsmål på ung.no? Henta frå

[https://www.ung.no/om/2491\\_Hvem\\_svarer\\_p%C3%A5\\_sp%C3%B8rsm%C3%A5\\_p%C3%A5\\_ung.no.html](https://www.ung.no/om/2491_Hvem_svarer_p%C3%A5_sp%C3%B8rsm%C3%A5_p%C3%A5_ung.no.html)

Bufdir. (2015, 13.april). Kjønn. Henta frå [https://www.bufdir.no/lhbt/lhbt\\_ordlista/k/kjonn/](https://www.bufdir.no/lhbt/lhbt_ordlista/k/kjonn/)

Bufdir. (2015, 12.mars). Kjønnsmangfold. Henta frå

[https://www.bufdir.no/lhbt/LHBT\\_ordlista/K/Kjonnsmangfold/](https://www.bufdir.no/lhbt/LHBT_ordlista/K/Kjonnsmangfold/)

Christoffersen, L., Johannessen, A. (2012). Forskningsmetode for lærerutdanningene.

Abstrakt forlag. Oslo.

- De nasjonale forskningsetiske komiteene. (2019, 10.februar). Generelle forskningsetiske retningslinjer. Henta frå <https://www.forskningsetikk.no/retningslinjer/generelle/>
- Ferkingstad, S. (2018, 23.mai). Kjønnssidentitet og seksuell orientering, er naturfagslærebøkene gode nok? Henta frå [https://hvlopen.brage.unit.no/hvlopen-xmloi/bitstream/handle/11250/2630009/Ferkingstad\\_silje%20.pdf?sequence=1](https://hvlopen.brage.unit.no/hvlopen-xmloi/bitstream/handle/11250/2630009/Ferkingstad_silje%20.pdf?sequence=1)
- Folkehelseinstituttet. (2021, 26.juli). Kjønnssinkongruens i Norge. Henta frå <https://www.fhi.no/cristin-prosjekter/aktiv/kjonnsinkongruens-i-norge/>
- Malterud, K. (2013). Kvalitative metoder i medisinsk forskning. Universitetsforlaget. Oslo.
- Røthing, Å. (2011). Kjønn seksualitet, identitet og kompleksitet. I M. B. Postholm, E. Munthe, P. Haug & R. J. Krumsvik (Red.), Elevmangfold i skolen 1-7 (s.197–214). Kristiansand: Høyskoleforlaget.
- Røthing, Å. & Svendsen, S. (2009). Seksualitet i skolen: Perspektiver på undervisning. Oslo: Cappelen Damm.
- Steineger, E. & Wahl, A. (2020). Naturfag 9. Cappelen damm.
- Trosby, E-M. (2016). Kjønnssidentitetstematikk i skolen. En kvalitativ studie av ungdoms erfaringer av å være født i feil kropp. Henta frå <https://www.duo.uio.no/handle/10852/52073>
- Ung.no. (2021, 9.juni). Alle har en kjønnssidentitet. Henta frå [https://www.ung.no/Kj%C3%B8nnssidentitet/4666\\_Alle\\_har\\_en\\_kj%C3%B8nnssidentitet.html](https://www.ung.no/Kj%C3%B8nnssidentitet/4666_Alle_har_en_kj%C3%B8nnssidentitet.html)
- Utdanningsdirektoratet. (2020). Kompetansemål og vurdering. Henta frå <https://www.udir.no/lk20/nat01->
- Van der Ros, J., Likestillingscenteret. (2013). Alskens folk. Hamar: Likestillingscenteret.
- Øiestad, G. Selvfølelsen hos barn og unge. (2011). Gyldendal.
- Øwre, M.M.K. (2019, mai). Kjønnssinkongruens i skolen. Henta frå <https://ntnuopen.ntnu.no/ntnu->